



Din Bolig Søknad
Nysætervegen 6A
5410 SAGVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1700 - 19/20718

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
15.10.2019

Godkjenning - GBNR 24/116 - Løyve til oppføring av påbygg i form av vinterstove - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 236/2019

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av påbygg til eksisterande bustad på gbnr. 24/116.

Den omsøkte eigedomen er ei bustadblokk, der eigar av leilegheit 31C ønskjer å innglasse eksisterande overbygd terrasse. Omsøkt eigedom er matrikkelført med eit areal på 1182,4 m² og Edle Hannisdal står registrert som eigar av leiligheit 31 C. Edle Hannisdal har gitt fullmakt til DinBoligSøknad AS.

Omsøkt vinterstove er oppgjeve med ein storleik på til saman 5,53 m² bruksareal (BRA), ein økning på 2,4 m² BRA. Omsøkt tiltak vil ikkje føre til endring av bebygd areal (BYA).

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 21.08.2019, supplert 18.09.2019, 07.10.2019, 14.10.2019 og 15.10.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 23.08.2019. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 18.09.2019, 07.10.2019, 14.10.2019 og 15.10.2019. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 05.11.2019.

VURDERING:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Lov- og planstatus

Påbygg til eksisterande bustad er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a), med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3.

Oppføringa må vere i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, samt gjeldande planar, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

Den omsøkte eigedomen er regulert til konsentrert bustad, B2, i reguleringsplan for Frekhaug senter nord, planid: 125619990317. Tillatt utnyttingsgrad for dette området er 40 % BYA.

Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen, og kan difor tillatast.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 21.08.2019.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr. 24/116/0/9 i Lonerenen 29 C har i dokument datert 30.08.2019 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Sameige i Lonerenen har i dokument datert 27.09.2019 samtykka til tiltaket.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Ansvarsrett:

Ansvarsrettar og titlaxsklassifisering går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført 21.08.2019. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til oppføring av påbygg i form at vinterstove til eksisterande bustad på gbnr. 24/116, Lonerenen 31 C, som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Utforminga skal vere som vist på fasade-, snitt- og planteikningar journalført 21.08.2019, og plassert som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar, journalført same dato.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bustader og adresse».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1700

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

